



Indre og Ytre Rød er den plassen der flest hjortar vert påkøyrede i Uskedalen.

**Hjort er enno ein gong påkøyrd i Uskedalen. Det var i førre veke. Rød er ein av 2- 3 plassar i kommunene der dette skjer oftast. Ei kolle måtte avlivast på staden. Ein kalv sprang til skogs. Eit viltband frå forsikringsselskapa kan vera til hjelp i slike situasjonar Bandet fortel noko om korleis ein kan redusera påkøyrslar og korleis sjåføren skal opptre om ulukka er ute. Viltbandet kan også brukast for å varsle og merka plassen.**

Kai Esten Dale, leiar i Ettersøkslaget, stadfestar til Uskedalen.no at Rød i Uskedalen er ein utsett plass for påkøyrslar. Det er eigentleg heile vegstrekninga frå Syne til Kvernavikjø. Andre plassar med storulukkesfrekvens er Stripo/Helland/Teigen på Husnes og Neslia i Rosendal. Blinkande refleksar på Stripo har vore til stor hjelp, men dette var eit prøveprosjekt i samarbeid med Vegvesenet. Refleksane er fjerna no.

Av ti påkøyrede hjortar og rådyr på Rød må 2 avlivast. Dette er ikkje nøyaktige tal, men eit snitt. Rådyra toler kollisjonen mindre enn hjort. Det er mindre dyr og må som oftast avlivast etter ei påkøyring. Hjorten toler ein sterkare trøkk.

Ettersøkslaget i Kvinnherad har 10 godkjende jegrar. Dei er på ei vaktliste og går turnus. I spesielle tilfelle vert andre jegrar med hund tilkalla. Den mest sårbare tida på døgeret er på natta og i skumringa, oftast når det er stor trafikk på vegen, i den tida folk køyrer til og frå arbeid. Drosjesjåførane og heimesjukepleien er ei arbeidsgruppe som ofte er borti slike hendingar.

På spørsmål om det kan vera aktuelt med refleksar langs vegen på Rød, svarar Kai Esten Dale at det er vurdert og at det må gjerast med godkjenning frå Vegvesenet.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Kristian Bringedal/ Grenda v/ Morten Nygård



Hjort måtte avlivast etter påkøyrse på Rød i veka som var. Bilete er frå same situasjon på Løfallstrand.